



Vi lærer om FN

Vi foreslår ei aktiv samlingsstund denne veka. I Rammeplanen under fagområdet nærmiljø og samfunn, står det at barnehagen skal gi barna byrjande kunnskap om kor viktige menneskerettane er og særleg barnekonvensjonen. Innhaldet i dette opplegget er laga med tanke på dette.

Dette vekeopplegget er tilrettelagd for barn mellom 0 og 3 år, men vil og eigne seg godt til eldre barn. Stasjonsarbeid i korte økter kombinert med fysisk aktivitet gir godt læringsutbytte og inkluderer i tillegg dei to fagområda kropp, rørse, helse og språk, tekst og kommunikasjon.

Sanseintrykk skapar koplingar i hjernen og repetisjon av desse gjer koplingane sterkare og meir varig. Dess betre nettverk av koplingar eit barn har tidleg, dess lettare blir læring seinare. Lag derfor tre stasjonar og introduser nye omgrep, sanseopplevingar og erfaringar på kvar stasjon for barna. Utgangspunktet er at barn kan lære mykje meir enn vi trur og liker denne arbeidsforma svært godt. Bruk omgrepa i naturlege situasjonar i løpet av dagen og legg på den måten til rette for den gode samtalen.

Denne veka får barna erfare

- Flagg frå fleire land, jf. Nærmiljø og samfunn
- Lage flagglenkje, jf. Kunst, kultur og kreativitet
- Fargar, jf. Språk, kommunikasjon og tekst
- Informasjon om FN, jf. Danning og Nærmiljø og samfunn
- Sangleik om flagg og land, jf. Kropp, bevegelse, helse
- Lære bokstaven/lyden F og N, jf. Språk, kommunikasjon og tekst
- Krabbe, rulle, åle og snurre, jf. Kropp, bevegelse, helse
- Meistringsopplevingar og skaparglede, jf. Danning



Fem ord om Kroppsdelar



Fem opplevde Kontrastar



Fem konkrete Krydder og urter

Eksempel på Bravorunde

Stasjonar 1. dag

1 Fem klossar med fem ulike fargar

Sei: "Dette er "grøn, gul, raud, kvit, blå" mens du viser klossane. Gjer det ein gong til etter ei kort pause. Har de Bravokort eller ønsker å lage egne ordkort, så skriv orda med kraftig raud tusj og følg spelereglane til Bravo-leiken.

Krabb vidare til neste stasjon.

2 Bokstavane f og n og lydane deira

Klipp ut F og N og f og n og vis barna. Sei: "Bokstavane sitt namn er F og N. Bokstavane sine lydar er f og n." Vis ein frosk og sei: "Første lyden i frosk er F". Vis en negl og sei: "Første lyden i negl er N".

Rull som tømmerstokkar vidare til neste stasjon. Hjelp dei som ikkje kan.

3 Fem flagg

Klipp ut fem flagg på førehand, brett dei på midten, men ikkje lim dei saman (De skal lage flagglenkje i morgon). Vis barna flagga i hurtig tempo og sei kva for eit land dei kjem i frå (sjå songen).

Ål tilbake til start. Dersom stemninga er god kan de gjere ei runde til med ein gong, eller gjer alt ein gong til etter at barna har vore ute, sove og ete.

Stasjonar 2. dag

1 Fem klossar med fem ulike fargar

Sei: "Dette er "grøn, gul, raud, kvit, blå" mens du viser klossane. Gjer det ein gong til. Har de Bravokort eller ønsker å lage egne ordkort, så skriv orda med kraftig raud tusj og følg spelereglane til Bravo-leiken.

Krabb vidare til neste stasjon.

2 Bokstavane f og n og lydane deira

Klipp ut F og N og f og n og vis barna. Sei: "Bokstavane sine namn er F og N. Bokstavane sine lydar er f og n. " Vis ein fisk og sei: "Første lyden i fisk er f". Peik på nasa di og sei: "Første lyden i nase er n".

Rull som tømmerstokkar vidare til neste stasjon. Hjelp dei som ikkje kan.

3 Flagglenkje

Klipp ein hyssing og knytt den saman til ein ring. Alle står i ringen og held fast i hyssingen. Vis flagga i hurtig tempo og den vaksne seier kva for land dei høyrer til. Legg det bretta flagget over hyssingen, ta på lim og la barnet hjelpe til med å klemme saman. Gjer gjerne dette med fleire flagg som barna kjenner neste gong og la flagglenkja bli dykkar eiga. Ål tilbake til start.



Stasjonar 3. dag

- 1 Fem klossar med fem ulike fargar**
Sei: "Dette er "grøn, gul, raud, kvit, blå" mens du viser klossane. Gjer det ein gong til.
Har de Bravokort eller ønsker å lage egne ordkort, så skriv orda med kraftig raud tusj og følg spelereglane til Bravo-leiken.

Krabb vidare til neste stasjon.

- 2 Boka om FN, nøkkelord**
Skriv ut boka og bind ho inn slik det står skildra. Sei: "No skal vi lære nøkkelorda i boka om FN". Vis nøkkelorda i boka i hurtig tempo. Sjå også ordforklaring for dei vaksne fremst i Maxi-boka for vidare samtalar om FN utover veka.

Rull som tømmerstokkar til neste stasjon.

- 3 Flaggsongen med flagglenkja**
Stå i ring, nokre av barna får holde eit flagg i lenkja. Syng flaggsongen:

Mel.: Se min kjole

Ringen vår er like rund som jorda.

Vi kan vere ein frå kvart eit land.

Eg er frå Noreg og språket mitt er norsk.

Raudt, kvitt og blått er flagget i mi hand.

...

Eg er frå Iran med hovudstaden Bagdad.

Grønt, kvitt og raudt er flagget i mi hand.

...

Eg er frå Eritrea og språket er tigrinja

Raudt, grønt og blått er flagget i mi hand.

...

Eg er frå Polen og språket mitt er polsk.

Raudt og kvitt er flagget i mi hand.

...Eg er frå Sverige, og språket der er svensk.

Gult og blått er flagget i mi hand.



Ill.: Oddvar Almenning

Stasjonar 4. dag

- 1 Boka om FN, nøkkelord**
Skriv ut boka og bind ho inn slik det står skildra. Sei: "No skal vi lære nøkkelorda i boka om FN. FN står for De Forente Nasjoner. På nynorsk kan vi også seie SN som er ei kortform for Dei sameinte nasjonane". Vis nøkkelorda i boka i hurtig tempo. Forklar eitt av orda kvar gong. Sjå spørsmåla bakerst for støtte.

Krabb vidare til neste stasjon.

- 2 Boka om FN, faktasetningar**
Ta med boka til neste stasjon. Vis og les faktasetningane om FN og vis FN-flagget tilslutt.

Rull som tømmerstokkar til neste stasjon.

- 3 Flaggsongen med flagglenkja**
Mel.: Se min kjole

Stå i ring, nokre av barna får holde eit flagg i lenkja. Syng flaggsongen, sjå gårdsdagen.

Stasjonar 5. dag

- 1 Boka om FN, nøkkelord**
Skriv ut boka og bind ho inn slik det står skildra. Sei: "No skal vi lære nøkkelorda i boka om FN. FN står for De Forente Nasjoner. På nynorsk kan vi også seie SN som er ei kortform for Dei sameinte nasjonane". Vis nøkkelorda i boka i hurtig tempo. Forklar eitt av orda kvar gong. Sjå spørsmåla bakerst for støtte.


Krabb vidare til neste stasjon.

- 2 Boka om FN, faktasetningar**
Ta med boka til neste stasjon. Vis og les faktasetningane om FN og vis FN-flagget tilslutt. Still spørsmåla bakerst i boka. Bruk valbrettet til å finne svara.

Rull som tømmerstokkar til neste stasjon.

- 3 Flaggsongen med flagglenkja**
Stå i ring, nokre av barna får holde eit flagg i lenkja. Syng flaggsongen, sjå tekst 3. dag.

Ål tilbake til start. Dersom stemninga er god kan de gjere alt ein gong til eller vente til etter at barna har vore ute, sove litt og ete.



F

f

N

n